




# Rettleiing til kommunar for utarbeiding av overordna retningslinjer

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), tilskot til tiltak i beiteområde og nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Februar 2024



# Innhald

Bakgrunn og føringar for forvaltninga .....	3
SMIL .....	3
Tiltak i beiteområde.....	4
Tilskot til skogbrukstiltak .....	4
Struktur i dei overordna retningslinjene .....	5
Prosess og lokal forankring .....	5
Grunnlag – verdiar og utfordringar i kommunen .....	5
Mål og prioriteringar for tilskotsordningane .....	7
SMIL.....	7
Tiltak i beiteområde .....	7
Tilskot til skogbrukstiltak (NMSK) .....	8

## Bakgrunn og føringar for forvaltninga

Dei ulike regelverka som gjeld ordningane spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), tilskot til tiltak i beiteområde og nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) slår fast at kommunane skal utarbeide overordna retningslinjer (ofte kalla kommunale tiltaksstrategiar) for prioritering av tilskot. Kommunane har tidlegare hatt tradisjon for å samordne dei overordna lokale retningslinjene for SMIL og NMSK, medan det i rundskrivet for tilskot til tiltak i beiteområde står at dei lokale retningslinjene for ordninga bør sjåast i samanheng og koordinerast med dei lokale retningslinjene for SMIL. Kommunen skal syte for å ha oppdaterte retningslinjer og gjere dei tilgjengelege.

Denne rettleiinga er meint til å vere til hjelp for kommunane i dette arbeidet.

### SMIL

[Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) legg grunnlaget for forvaltninga av SMIL-ordninga. I tillegg gjev [kommentar til forskrifta](#) som seinast var oppdatert 3. januar 2022, utdjupande rettleiing til det faglege og administrative handlingsrommet .

SMIL-forskrifta, § 8, seier at kommunen skal fastsetje overordna retningslinjer for prioritering av søknadar. Slike retningslinjer skal utarbeidast i dialog med Statsforvaltaren og næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt.

Overordna retningslinjer er eit nyttig hjelpemiddel for kommunen i si sakshandsaming og forvaltning av midlane, og gir i tillegg informasjon til Statsforvaltaren om fordeling av rammer. Retningslinjene er ikkje meint å vere omfattande analysar, men skal kortfatta skissere det som er viktigast i kommunen ut frå måla med tilskotsordninga.

Nasjonalt miljøprogram peikar òg på ei kopling mellom dei overordna retningslinjene for SMIL og regionalt miljøprogram. Der står mellom anna: *Programmet (regionalt miljøprogram) skal også gi føringar for prioriteringar i de kommunale retningslinjene/ kommunale tiltaksstrategier for tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midler)* (Nasjonalt miljøprogram punkt 4.4.4.2). I Vestland har vi sett som mål at dei overordna retningslinjene for spesielle miljøtiltak i jordbruket skal vere forankra i hovudmålet, delmåla og strategiane som ligg i Regionalt miljøprogram 2019 - 2022, kap.4.1;

#### *Hovudmål:*

*Miljøprogrammet i Vestland skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdier i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast.*

#### *Delmål:*

- 1. Eit ope og velstelt kulturlandskap*
- 2. Bratt jordbruksareal i aktiv drift*

3. God utnytting av utmarksbeite og aktiv stølsdrift
4. Utvalde biologiske og kulturhistoriske verdier i landskapet blir teke vare på og skjøtta
5. Landbruket er klimavenleg og har lite tap av næringsstoff og klimagassar til luft
6. Eit landbruk som er tilpassa eit endra klima (vert omtala i Regionalt næringsprogram for Vestland)
7. Minst mogleg tap av næringsstoff frå landbruket til vassdrag

#### Strategiar:

1. Stimulere til eit ope og velstelt kulturlandskap gjennom drift av areala i form av matproduksjon og skjøtselstiltak
2. Styrke aktiv bruk av det bratte jordbruksarealet
3. Styrke aktiv stølsdrift og bruk av beiteressursane
4. Styrke målrettinga av verkemiddel for skjøtsel og ivaretaking av eit utval verdifulle element i kulturlandskapet
5. Oppretthalde og stimulere til næringsutvikling i kulturlandskapet
6. Bidra til eit kulturlandskap som er tilgjengeleg og trygt for både folk og beitedyr
7. Redusere utslepp av klimagassar frå jordbruket
8. Redusere forureining og avrenning frå jordbruket
9. Styrke kunnskap om klimagassutslepp, forureining, agronomi og kulturlandskap i næringa, og styrke og utvikle fagmiljøa i næringa innan desse temaa

## Tiltak i beiteområde

[Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområde](#) legg grunnlaget for forvaltninga av ordninga. I tillegg finn de [kommentarar til regelverk](#) som gjev retningslinjer for forvaltninga. I denne står det at kommunen skal fastsetje lokale retningslinjer. Desse bør sjåast i samanheng og koordinerast med dei lokale retningslinjene for SMIL, då det kan vere aktuelt med tiltak som fell under båe ordningar.

Dei lokale retningslinjene vil vere eit viktig grunnlag for utlysing av midlane. Kva tiltak som kommunen vil prioritere ut frå kva som er formålstenleg for utmarksbeita, og eventuell fastsett tilskotssats for ulike tiltak skal komme fram i retningslinjene.

Beitelaga har fått auka driftsstøtte gjennom organisert beitebruk og kan difor stå for mindre kostnader sjølv. Det vil difor vere naturleg at mindre kostnadskrevjande tiltak vert dekkja av beitelaga sjølv, og dette kan gjerne presiserast i dei lokale retningslinjene.

## Tilskot til skogbrukstiltak

Kommunane har løyvingfullmakt for tilskot til alle skogbrukstiltaka etter «[Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket](#)» (NMSK-forskrifta). I § 3 står det at "Det skal fastsettes overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog mellom Statsforvalteren, kommunene og næringsorganisasjonene i skogbruket lokalt".

# Struktur i dei overordna retningslinjene

Dei overordna retningslinjene bør ta føre seg følgjande fire hovudpunkt:

- Prosess og lokal forankring
- Grunnlag – verdiar og utfordringar i kommunen
- Mål og prioriteringar for tilskotsordningane
- Tiltak – tilskotsbehov

## Prosess og lokal forankring

I forskriftene for både SMIL og NMSK er det eit krav at retningslinjene skal vere fastsett i dialog med Statsforvaltaren og næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt. Dette inneber at retningslinjene skal bli vurderte i samanheng med fylket sine strategiar for regionalt miljøprogram, og at næringsorganisasjonane skal ha hatt høve til å gje innspel før retningslinjene vert vedtekne av kommunen. Det er ønskjeleg at Statsforvaltaren får tilsendt framlegg til overordna retningslinjer til uttale før desse vert vedtekne av kommunen.

For tiltak i beiteområde er det ikkje krav om næringsorganisasjonane eller Statsforvaltaren skal involverast i utarbeiding av retningslinjene. Vi vil likevel oppmode om at kommunen legg opp til same prosess og lokal forankring som for SMIL og NMSK. Det vil også vere formålstenleg at beitelaga vert tekne med på råd.

## Grunnlag – verdiar og utfordringar i kommunen

Retningslinjene bør innehalde miljøfaglege kriteria som gir kommunen eit godt grunnlag for å prioritere mellom søknadane. Ein kortfatta oversikt over kva som kjenneteiknar natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet, i tillegg til å skissere dei viktigaste utfordringane i kommunen vil gje eit slikt grunnlag.

### Verdiar

Døme på verdiar som er aktuelt å trekke fram i retningslinjene kan m.a. vere aktive beitelag som samarbeider godt og som utnyttar beiteressursane.

Andre element å trekke fram kan vere særskilde kulturlandskapsverdiar, der kommunane har eit nasjonalt ansvar for varetaking, som t.d. kystlynghei, eller der kommunen utmerkar seg med mange døme innanfor same kulturminne- eller landskapskategori. Verdiar knytt til biologisk mangfald, med vekt på truga naturtypar, kan òg vere naturleg å trekke fram i denne delen av retningslinjene.

Tre er ein fornybar ressurs i ei berekraftig verd, og formålet med tilskot til skogbruk er å sikre langsiktig og auka verdiskaping. Skognæringa sin eigen standard, PEFC-sertifiseringa, krev at aktørane i verdikjeda tek omsyn til miljøverdiar ved hogst og andre inngrep i skogen. I skogforvaltninga er det viktig å prioritere fellesløysingar, både når det gjeld skogkultur, vegbygging

og taubanedrifter. Skog spelar ei viktig rolle i klimasamanheng. Å oppretthalde og helst utvide skogarealet er i regjeringa sin klimaplan nemnd som eit langsiktig tiltak for auka karbonbinding, og er difor viktig for å løyse klimautfordringane.

### Utfordringar

Døme på utfordringar i kommunane kan vere forureining av vatn og tap av kulturlandskapsverdiar, nedgang i tal beitedyr og medlemmar i beitelaga, konflikhtar knytt til ulike interesser i bruk av utmarka og fare for rovdyr.

Skogbrukstiltak har innverknad på flora, fauna og friluftsliv. Å drive skogbruk krev god infrastruktur og innsats av tunge maskinar, spesielt i eit bratt Vestland. Det er naudsynt med samspel mellom forvaltning, skogeigar og skogsentreprenør. I bratte område har skogen i tillegg ein vernefunksjon mot naturfarar som steinras og snøskred. Skogsdrift her er krevjande inngrep som må gjerast så godt planlagt som mogeleg og so langt som råd utan å byggje mellombelse vegar.

### Kjelder og kunnskapsgrunnlag

Kunnskapsgrunnlag for å få oversikt over miljøfaglege tema vil mellom anna liggje i følgjande kjelder: Generelt vil [Fylkesatlas](#) vere til god hjelp for å finne oppdatert informasjon om dei aktuelle verdiane i kommunen. Likeins kan [statistikkbanken](#) som syner utviklinga i landbruket vere til hjelp.

Andre tips til kunnskapsgrunnlag:

- a) [Regionalt miljøprogram for Vestland](#) der kap. 2 omtalar verdiane i kulturlandskapet i Vestland, og kap 3. omtalar utfordringar per miljøtema frå nasjonalt miljøprogram
- b) Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap 1991-94 – tilsvarande Verdifulle kulturlandskap i [Naturbase](#)
- c) Kommunale kulturminneplanar
- d) Register over eldre bygningar (eldre enn 1900) og andre kulturminne (SEFRAK) i [Fylkesatlas](#)
- e) Biologisk mangfald (verneområde, viktige naturtypar) i [Naturbase](#)
- f) Kulturminnebasen [Askeladden](#)
- g) Område der det er laga forvaltnings- og skjøtselsplanar
- h) Regional plan for vassforvaltning og andre planar for vassforvaltning i [Vannportalen](#)
- i) Oversikt over beitelagskart og tal dyr på beite i [Kilden](#)
- j) [Normalar for landbruksvegar](#)
- k) [Skogsvegar og skredfare - rettleiar](#)
- l) Skogtakst: [www.allma.no](http://www.allma.no)
- m) [Annan skogressurskartlegging \(SAT-skog og SR16\), Miljøregistreringar i Skog \(MiS\) og markfuktkart](#)
- n) Skogbruk – rasfare: <https://temakart.nve.no/tema/skredfaresone>
- o) [Landsskogtakseringa sin feltinstruks](#)
- p) [Beitestatistikk](#) for sleppte og tapte dyr i organisert beitebruk tilbake til 1981

## Mål og prioriteringar for tilskotsordningane

Kommunane sine mål og prioriteringar i retningslinjene må ta utgangspunkt i regelverket for tilskotsordningane. Det er opp til kommunen å finne dei tiltaka som er best eigna, og som har best effekt innanfor rammene av regelverket.

Kommunen bør lage målsettingar og retningslinjer som er tufta på dei verdiane og utfordringane som er nemnt ovanfor. Samstundes er det viktig at mål og prioriteringar i retningslinjene tek omsyn til nasjonale og regionale miljømål. Her kan kommunen i stor grad ta utgangspunkt i prioriteringane i regionalt miljøprogram.

Mange kommunar har stor pågang av søknader og må kvart år gjere strenge prioriteringar ut i frå tilgjengelege midlar. Det kan difor vere nyttig at retningslinjene for prioritering inneheld nokre handfaste kriterium som kan bidra til å skilje ut dei beste tiltaka. Det er i denne samanhengen viktig å tenkje gjennom at retningslinjene gjeld for fire år og at ein ikkje låser tilskotsforvaltninga i for stor grad gjennom prioriteringane. Her er nokre forslag:

### SMIL

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og å redusere forureininga frå jordbruket, ut over det som er venta gjennom vanlig jordbruksdrift.

- Tiltak med god miljøeffekt, særleg innan forureining, og som kan medverke til å nå måla i vassforskrifta – les meir om døme på slike tiltak i vår nettartikkel [SMIL-midlar til klima- og forureiningstiltak](#)
- Tiltak som hindrar utslepp til luft som t.d. tak over eksisterande gjødsellager – les meir om dette i vår nettartikkel [Tilskot til gjødsellager](#)
- Fellestiltak som kan bidra til betre samarbeid og samhandling i grender med felles utfordringar kring miljøverdiar
- Tiltak som medverkar til å vareta ressursane på landbrukseigedomen i langsiktig perspektiv
- Tiltak som kan utløyse tilskot frå andre ordningar som Norsk Kulturminnefond. Fondet er oppretta for å gje tilskot til verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Delfinansiering frå SMIL-ordninga kan verke positivt inn på handsaminga av søknadar til fondet
- Tiltak på svært verdifulle kultur- og bygningsmiljø

### Tiltak i beiteområde

§ 1 Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

- Vi vil tilrå at det kjem fram i retningslinjene kva minste tilskotsprosent de legg opp til. Som ei rettleiing har Statsforvaltaren lagt opp til å etterstreve minimum 30 % støtte (med unntak av gjetarhytter som normalt har fått ein mindre tilskotsprosent).
- Det kan vere formålstenleg å nemne kva tiltak som ikkje vil bli støtta. Det kan til dømes vere lett- omsetteleg vare, generelt vedlikehald, tiltak som vert støtta under FKT- midlar og mindre kostnadskevjangende tiltak.
- Kommunen sine retningslinjer kan med fordel nemne tiltak som kan få støtte, og i den samanheng bør det gå fram av retningslinjene om tiltaka er prioriterte eller ikkje.
- Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt: Om det er spesielle utfordringar eller moglegheiter som det er viktig å hente inn meir kunnskap om eller mobiliserer for, kan dette vektleggjast i dei lokale retningslinjene.
- Beitelaga bør oppfordrast til å søke støtte til få utarbeida beitebruksplanar. Dette er eit tiltak der ein forsøker å sette verdi på utmarka og ein vil arbeide meir med dette framover. Kommunen kan òg bistå med sekretær oppgåver og ein kan leige inn hjelp frå Nibio.

### Tilskot til skogbrukstiltak (NMSK)

Føremålet med tilskot til skogbruk er å sikre langsiktig og auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert ivaretekne og vidareutvikla.

#### Skogsvegar - prioriteringar

- Større felles tilkomst- og hovudveganlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal, og vegar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven
- Nybygging eller ombygging av vegar i samband med vindfallhogst
- Andre anlegg i samsvar med hovudplan for skogsvegar
- Bilvegar framfor traktorvegar, men traktorvegar i vegklasse 7 kan likevel vere tilkomstveg dersom ressursane er små og/eller terrenget vanskeleg
- Tilskot til skogsbilvegar bør avgrensast til 50%. Store offentlege aktørar som Statsskog og OVF bør få lågare tilskot. Fordelinga mellom skogeigarane bør gjerast slik at dei som har høve til å nytte skogfond til å finansiere vegen får størst del. Eventuelt kan eigarar med lite hogstmoden skog kjøpe seg inn i vegen seinare. Bruk [skogfondkalkulatoren!](#)

#### Drift med taubane, hest o.a.

Taubanetilskotet vert tildelt til kommunane etter kvart som behovet oppstår. Vi har i samråd med dei andre "taubanefylka" kome fram til *ein felles variabel tilskotssats* til taubanedrifter. Tildeling av tilskot føreset at den nye [taubanekalkulatoren](#) vert nytta til fastsetting av driftspris (og eventuelt justert av skogeigar og tømmerkjøpar) og at det ikkje vert gjeve tilskot til skog som ikkje er hogstmoden.

Ny tilskotssats vert rekna ut etter den rettlinja funksjonen

$$f(x) = -0,7 \times \text{rotnetto} + 200$$

eller

$$\text{tilskot per m}^3 = -0,7 \times (\text{tømmerverdi-driftskostnad}) + 200$$

Tilskot kan også reknast ut i [dette reknearket](#) ved å setje inn tal for tømmerverdi og driftskostnad



- Søknad om tilskot skal leverast som grunnsøknad i skogfondsystemet på nett, alternativt underskreve søknad, skjema [LDIR-916 N](#). Følgjande skal leggjast ved søknaden:
  - Arealet som skal hoggast skal vere teikna inn på kart.
  - Dokumentasjon på forventa tømmerpris, driftskostnad og driftsvolum.
  - Oversyn over andre driftsutgifter som måle- og avverkingsavgift.
  - Aldersmålingar skal gjerast spreidd over heile feltet med minst 4 målingar per tusen m<sup>3</sup> og dokumenterast på kart.

Bonitet	Lågaste alder for taubanetilskot (år)
G26	60
G23	65
G20	70
G17	80

- Skogen som skal hoggast skal vere hogstmoden, sjå tabellen over.
- Tilskot skal gjevast der skogen ikkje kan løysast med eit rasjonelt skogsvegssystem. I skog med høge volum per dekar, særleg i store felt med lange lier, skal vegttettleiken vere høg i feltet, helst 35 m per ha, for å redusere strekk lengda ved taubanedrifta og redusere driftskostnaden. Tilskot skal altså ikkje erstatte rasjonelle investeringar i skogsvegar.
- Det skal ikkje løyvast tilskot til drifter på areal som er eller skal omdisponerast til andre formål enn landbruk. Det skal nyttast halv tilskotssats der arealet skal nyttast til annan landbruksproduksjon
- Det skal ikkje gjevast tilskot over 300 kr per m<sup>3</sup>
- Tilskot vert gjeve med ei arbeidsfrist på inntil 5 månader. Skriv i tilsagnsbrevet at tilskotet vert automatisk inntrukke når arbeidsfrista går ut (men ho kan sjølv sagt forlengast)
- Tilskotet vert utbetalt for kvar m<sup>3</sup> innmålt virke minus vrak i samsvar med produksjons
- Det skal takast omsyn til skogen sine funksjonar i forhold til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv.
- Tilskot kan berre gjevast der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MIS) i området, eller dokumentert føre-var-registrering i tråd med Norsk PEFC Standard.
- Det skal alltid setjast vilkår om planting av gran på same eller tilsvarande areal

Kommunen skal innarbeide [naturmangfaldlova § 7](#) sine prinsipp om offentleg mynde og legge dei til grunn for avgjerla om tilskot, om desse ikkje alt er vurdert i anna vedtak, til dømes etter [landbruksvegforskrifta](#).

### *Skogkultur*

- [Skogbrukslova § 6](#) pålegg skogeigar å sørgje for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. I følge [berekraftforskrifta](#) er tilfredsstillande forynging planting av same eller høgare produserande treslag enn det som er hogd.

- Planting eller andre tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan tre år etter at hogsten er skjedd.
- [Skogfondordninga](#) er ei viktig finansieringskjelde for mellom anna skogkultur. I samband med planlegging av hogst er det særst viktig å setje av tilstrekkeleg skogfond, om lag 15%.

Kommunane bør som hovudregel ikkje tilrå aktiv skogproduksjon og gje NMSK-tilskot i Landskapsregion 20, kystbygdene på Vestlandet; kart [sør](#) og [nord](#).

Foryngingsplikta bør vurderast med vekt på omsynet til kystlandskapet og særleg naturtypen kystlynghei. I område der det har vore drive kommersiell skogbruksdrift kan det likevel gjevast NMSK-tilskot, etter ei vurdering av omsynet til kystlandskapet og kystlyngheiane.

### *Miljøtiltak i skog*

Det kan gjevast tilskot til å dekke meirkostnader eller tap ved å gjennomføre skjøtselstiltak for å ivareta og utvikle verdier knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne, dekke tap for skogeigarar som tar vare på nøkkelbiotopar/rovfuglreir/tiurleikar og dekke tap for skogeigarar som avstår frå å bygge veg som kan redusere «villmarksprega område».

Kommunen kan tildele midlar både frå nasjonal ramme og frå kommunen sine NMSK-midlar; [Tilskot til miljøtiltak i skog | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

### *Tilskot til andre tiltak som fremjar skogbruk og skogproduksjon*

er heimla i [NMSK-forskrifta § 8](#) og kan vere til dømes felles skogkulturprosjekt med fleire kommunar eller opprusting av mindre flaskehalsar på vegnettet.